

Lesarbrief - Lesarbrief - Lesarbrief

Bokmål i Bykle????

Eg hadde venta ein storm av reaksjonar etter at ei Frp-dame gjekk ut med ynskje om å innføre bokmål i Bykle som skule- og aministrasjonsspråk.

Sit me handlingslamma etter sjokket, alle me som elsker norsk mål og vil halde på tradisjonar? Eg hadde vore både flau og skamfull om eg som innflyttar sette i gong med språkleg revolusjon i bygda eg flutte til.

Er det kunnskapsløyse eller mangel på respekt som får fram slike tankar som å endre målforma i Bykle, ein av nynorskbastionane i landet vårt? Me som har kome her som innflyttarar, har då visst å ta til oss av kulturen, det vere seg stakk, dalebukse, kofte og krullar. Desse blir stadig brukte i marknadsføringa av turiststaden Hovden. Men språket i brosjyrene er bokmål. Det

kallar eg framandgjering.

Anneleis i Rosendal

Eg var innom turistkontoret i Rosendal for ei tid sidan, og gav dei ros for flotte brosjyrer. “Og så på nynorsk!” sa eg.

“Sjølvsagt! Det er den målforma me brukar her.”

“Det er det der eg bur au, men dei skuldar på at danskane skjønar ikkje nynorsk.”

“Då lyt dei no heller gje dei engelskversjonen”, lydde det vituge svaret.

Det er trist at den vakre fjellgardsdialekten blir borte, men desto viktigare er det å halde på nynorsken. Det må ikkje bli slik at oppveksande slekter ikkje er i stand til å lese all lokal litteratur til dømes, eller dei store forfattarane som nyttar nynorsk. Skulen er vel ein stad ein skal lære?

Takk for “tvangen”!

Og administrasjonsspråk. Dei som

søker stillingar, er ikkje det velutdanna folk som ikkje skulle ha problem med å tileigne seg språket sjølv om dei har fått for dårleg grunnopplæring? Eg trur fleire enn eg kunne få ei aha-oppleving ved å oppdage at nynorsk faktisk er nærare talemålet deira enn bokmål. Det var etter at eg kom til Setesdal, eg oppdaga at nynorsk er det skriftlege morsmålet mitt. Eg arbeidde i skulen og **måtte** bruke nynorsk sjølv om det var bokmål eg hadde med meg heimefrå. Takk og pris for “tvangen”, seier eg no!

Innvandrarar

- og innflyttarar

Attende til Framstegspartiet (betre namn, det vel?). Er det ikkje **dei** som er ivrigast med å hevde at innvandrarar lyt lære språket? Skulle ikkje det vere like sjølvsagt for norske innflyttarar? Det er noko som heiter å ta skikkenn der ein kjem. Lykke til!



Gerd Fosse Hovden minner om at Frp vil ha innvandrarar til å lære seg norsk, og meiner også innflyttarar i Bykle bør ta skikken der dei kjem.

Gerd Fosse Hovden

P.S. Eg skulle ønske det vart mote blant skuleborn og andre å seie “eg” og “Ikkje”, - så fekk det heller vere som det ville med resten! Det gjeng då ikkje an å vekse opp i Setesdal og seie “jeg” og “ikke”!

D.S.